



Nissen vår i Uskedalen har det svært travelt om dagen. han dukkar opp på dei mest uventa stader og hastar vidare for å nå alt før julekvelden.

Laurdag kveld kikka han plutselig og uventa, nærmast sjokkarta, inn gjennom ei rute på Neset.

Men han hadde det så travelt at han ikke fekk tid til å seie mykje om den identitetskrise han kanskje er inne i.

Det var etter at han både hadde vore både Ulvanosonissen og Børsdalsnissen omtrent samstundes at uskedalen.no fann grunn til å spørja om han no lid av ei identitetskrise.

Det avviste han heilt bestemt laurdag med å slå fast at nissen er universell og trer fram i eit utall' av identitetar over heile verda! Så det neste blir kanskje Skorponissen eller Englafjellnissen?

Ei trøyst får det vera at ein utgave av nissen liknar svært på ein annan. Så slektskapet kan det ikkje vera tvil om.

(Foto: Ola Matti Mathisen)